



Arkivnr: 2016/9622-2

Saksbehandlar: Bjørg Larsen og Britt Karen Spjeld

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for kultur, idrett og regional utvikling		12.10.2016

## Innspel til Idrettsplan 2017-2027 Bergen kommune

### Samandrag

Bergen kommune har i brev av 8. september bedt om innspel til høyringsutkast til ny idrettsplan i Bergen for 2017-2027. Høyringsfrist er 9. oktober.

Kulturdepartementet set følgjande krav i Føresegner om tilskot til anlegg for idrett og fysisk aktivitet – 2016, punkt 2.2.7: Det er eit vilkår for å kunne søke om spelemidlar at anlegget er ein del av ein vedteken kommunal plan som omfattar idrett og fysisk aktivitet.

Bergen kommune ønskjer at idrettsplanen skal vere eit framtidretta bidrag i arbeidet med å styrke byen sin posisjon som ein aktiv og attraktiv idrettsby. Planutkastet skal gje eit diskusjons- og avgjersgrunnlag for å kunne ta viktige strategiske val innan aktivitets- og anleggsutvikling.

### Forslag til vedtak

1. Hordaland fylkeskommune meiner at mål og strategiar svarer på aktuelle utfordringar i Bergen kommune, er i tråd med vedteken regional politikk, og rår til at gjennomføringa av delplanen vert prioritert i økonomiplanen.
2. Hordaland fylkeskommune rår til at det vert gjort justeringar og presiseringar i planen i tråd med merknadene i saka.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd  
fylkesdirektør kultur og idrett

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

## Fylkesrådmannen, 29.09.2016

Bergen kommune har i brev av 8. september bedt om innspel til høyringsutkast til ny idrettsplan i Bergen for 2017-2027. Høyringsfrist er 9. oktober.

Kulturdepartementet set følgjande krav i Føresegner om tilskot til anlegg for idrett og fysisk aktivitet – 2016, punkt 2.2.7: Det er eit vilkår for å kunne søke om spelemidlar at anlegget er ein del av ein vedteken kommunal plan som omfattar idrett og fysisk aktivitet.

Bergen kommune ønskjer at idrettsplanen skal vere eit framtidsretta bidrag i arbeidet med å styrke byen sin posisjon som ein aktiv og attraktiv idrettsby. Planutkastet skal gje eit diskusjons- og avgjersgrunnlag for å kunne ta viktige strategiske val innan aktivitets- og anleggsutvikling. Det er lagt opp til ein open og brei høyringsprosess.

Planutkastet gir ei god skildring status og utfordringar innan ulike innsatsområder og for kvar bydel, og summerer kvart felt med vurderingar og tilrådingar frå byrådet. Det er ein god samanheng mellom utkast til idrettsplan og kommunen sin vedtekne samfunnsdel. I høve til Kulturdepartementet sin rettleiar for *Kommunale planlegging for idrett og fysisk aktivitet (2014)* manglar eit prioritert handlingsprogram og kartgrunnlag for lokalisering av eksisterande og planlagde anlegg.

Innspela frå Hordaland fylkeskommune er gitt kapittelvis.

### 1 Visjon og mål

Visjon er god og delmåla godt utarbeidd. Særleg vil Hordaland fylkeskommune peike på verdien av «gratisprinsippet» innan barne- og ungdomsidretten.

### 2 Idrettspolitik frå ulike perspektiv

Det er positivt at Bergen kommune visar til andre relevante planar i kommunen. Bergen kommune har nyleg gjennomført ei kartlegging og verdisetting av friluftsområder i Bergen, og dette arbeidet bør det også visast til.

Hordaland fylkeskommune

Under kulepunkt 2 står det følgjande: »I planperioden er det et mål at 40% av spillemidlene hvert år skal gå til bygging og rehabilitering av ordinære anlegg i Bergen kommune.» Her manglar det følgjande tekst: «...om deira godkjende søknadsmasse tilseier det». Dette må med i planutkastet. Ref. Regional kulturplan for Hordaland 2015-2015 (s. 105).

Friluftsliv

Ny statleg friluftsmelding *Friluftsliv – Natur som kilde til helse og livskvalitet (melding til Stortinget nr 18)* skal til handsaming i stortinget 20. oktober. Denne har stort fokus på tilrettelegging for og aktivitetar i nærmiljøet.

Det er mange fleire fylkesorganisasjonar enn Bergen og Hordaland Turlag som legg til rette både aktivitetsområder og aktivitetstilbod for alle aldersgrupper. Bergen og Omland Friluftsråd bør nemnas som ein viktig regional aktør for sikring og tilrettelegging av friluftsområder.

### 3. Aktivitetsutvikling

Sentral utviklingstrekk på feltet i Bergen

Hordland fylkeskommune viser til andre avsnitt og stiller spørsmålsteikn ved om gutar 26+ verkeleg er den gruppa med størst aktivitet blant gutar. Nemning bør vere konsekvent, enten jenter og gutar eller kvinner og menn.

### Antidoping

Hordaland fylkeskommune viser til 2-årige samarbeidsavtale av 23.6.2016 med Antidoping Norge. Hordaland er ein av fire fylker i landet som har en slik avtale der hovudmålet er lokal mobilisering for å gi unge menneske tilstrekkeleg kunnskap og informasjon til å avstå frå doping. Det er tilsett ein person i 40% stilling. Bergen kommune kan vurdere sitt samarbeid med Antidoping Norge i samanheng med dette gågåande arbeidet. Det bør i tillegg skrivast meir utfyllande kva R-konsept går ut på.

### Barn

Det er positivt at Bergen kommune vil utvikle eit barneidretts sertifikat der ein vektlegg grunnleggjande motoriske ferdigheter innan t.d. symjing, sykling, orientering. Desse erfaringane kan vere nyttig for andre kommunar i Hordaland.

### Ungdom

Hordaland fylkeskommune er positive til at Bergen kommune skal prioritere midlar for å starte opp idrettsskule/idrettsleir for ungdom 13-19 år.

### Bergen som arrangementsby

I regional kulturplan 2015-2025 er det mål om at store nasjonale og internasjonale meisterskap vert lagt til Hordaland. Eit tettare samarbeid om arrangementsutvikling kan vere føremålstjeneleg.

### Sykkel VM 2017

Under kulepunkt 1 står det at Byrådet vil setje i verk ei rekke tiltak for å inspirere til auka rekruttering og bruk av sykkel i befolkninga og spesielt for barn og unge. Det bør vurderast å vere meir konkret i høve til kva tiltak som er tenkt gjennomført.

## 4 Idrettens økonomiske rammevilkår

### Statlege tilskot

Hordaland fylkeskommune har fleire relevante tilskotsordningar i høve til å gjennomføre idrettsplanen og oppmodar såleis om at «fylkeskommunale tilskot» vert teken inn som eige avsnitt. Til dømes:

- Investeringstilskot til kostnadskrevjande anlegg der ein skal arrangere nasjonale eller internasjonale seniormesterskap.
- Lågterskel fysisk aktivitet og idrett for barn og unge

## 6 Anleggsutvikling

I planen vert det vist til anleggsprosjekt i ulike hovudkategoriar i perioden 2009-2016. Det må spesifiseras om det gjeld anleggsstad eller eining. Om anlegga er godkjent for spelemidlar, stemmer ikkje tal på anlegga. Minnar om at [www.idrettsanlegg.no](http://www.idrettsanlegg.no) skal vere oppdatert.

### Kommuneplanens arealdel – KPA

Det er avgjerande at Bergen kommune ser idrettsplanen i samanheng med KPA. Det er bra at areal til framtidig idrettsanlegg og skular vert sett i ein samanheng, og at det ved planlegging av nye utbyggingsområder vert sett av tilstrekkeleg areal til nærmiljøanlegg og leikeplassar som er nødvendig for å utvikle gode lokale oppvekstvilkår.

### Mål og strategiar anleggsutvikling i Bergen

Hordaland fylkeskommune støttar byrådet sine tilrådingar for anleggsutviklinga, og vil understreke det viktige kulepunktet om at brukarar av idrettsanlegg og friluftsområder skal kunne bevege seg langs trygge vegar, stiar og sykkeltraseer. Det er eit nasjonalt mål om at 80% av barn og unge skal gå eller sykle til skulen (Nasjonal transportplan 2014-2023 med gå- og sykkelstrategi). Det er også eit nasjonalt mål om at det skal vere maks 500 meter til nærmaste turløtpe i byar og tettstadar (Meld. St. 18 Friluftsliv 2015-2016).

## Del 1

Spelemidlar til finansiering av offentlege og private idrettsanlegg

Det er positivt at Bergen kommune vil vidareutvikle søknadsprosessen med fokus på å få til gode søknader på spelemidlar til anlegg.

I tredje avsnitt står det at Bergen har *betydelig* lengre ventetid på å få utbetalt godkjente søknader enn landsgjennomsnittet med ei ventetid på rundt 4 år. I politisk sak om fordeling av spelemidlar til anlegg for idrett og fysisk aktivitet 2016 (2016/42-6) som vart handsama av Utval for kultur, idrett og regional utvikling 8. juni 2016 går det fram at ventetida for Bergen kommune i 2016 var på 2 år på nærmiljøanlegg og 3 år på ordinære anlegg. Hellenen bade og stupeanlegg har hatt godkjent søknad i 7 år, men har dei seinare åra ikkje vore prioritert høgt av kommunen.

I femte avsnitt står det om fordeling av spelemidlar i Hordaland.

*For at Bergen skal få en større andel av spillemiddeltildelingen i Hordaland, krever det en endring av Hordaland fylkeskommunes tildelingskriterier og politiske føringer. I dag vektes det at alle skal få litt, foran faktorer som behov, pressområder og befolkningstall.*

Dette er feilaktig framstilt. Hordaland fylkeskommune sin anleggspolitikk i høve til fysisk aktivitet og idrett er skildra i Regional kulturplan 2015-2015 s.101-105. Der står det m.a. at Bergen kommune og andre presskommunar vil bli prioriterte ved tildeling av spelemidlar. *Bergen har låg dekning av anlegg for idrett og fysisk aktivitet/friluftsliv rekna etter innbyggjartal. Kommunen har mange spesialanlegg, som også vert nytta av omliggjande kommunar. I tillegg er Bergen ein av dei største studentbyane i Norge. Ulike bydelar har ulikt resultat i levekårsundersøkinga og tal innbyggjarar, som krev ei differensiert anleggsutbygging ut frå ulike behov. I planperioden skal om lag 40% av spelemidlane kvart år gå til bygging og rehabilitering av ordinære anlegg i Bergen kommune, dersom deira godkjende søknadsmasse tilseier det.*

I politisk sak om fordeling av spelemidlar til anlegg for idrett og fysisk aktivitet 2016 (2016/42-6) går det fram kva for tildelingskriterier som er lagt til grunn, m.a. befolkningstall (pr 1.1. i tildelingsår) og godkjend søknadssum, og at ordinære anlegg må ha hatt ein godkjend spelemiddelsøknad i minst tre år før den kan få tildelt spelemidlar. I den politiske saka om fordeling av spelemidlar til anlegg for idrett og fysisk aktivitet 2016 går det fram: *Bergen kommune har ein nedgang i godkjent søknadssum på kr 20 mill i høve til 2015. Då fekk dei tildelt 38% av tilgjengelege midlar til ordinære anlegg (innvilga 32% av søknadane). Fylkesmann rår til at Bergen kommune i år får tildelt 32% av midlane til ordinære anlegg (innvilga 33% av søknadane) og 28% av tildelte midlar til nærmiljøanlegg (innvilga 51% søknadane).* Den gjennomsnitlege dekningsgraden for heile Hordaland var på 28% for ordnærere anlegg og 51% for nærmiljøanlegg. Den politiske saka er vedlagt.

Utbyggings,. Finansierings- og driftsmodeller av idrettsanlegg

Kategori D – interkommunal samarbeid

Hordaland fylkeskommune synes det er veldig positivt at Bergen kommune vil vurdere på interkommunalt samarbeid i høve til å realisere ulike typar anlegg.

I Regional kulturplan 2015- 2025 går det fram at fylket *ønskjer å vidareutvikle Slåtthaug Idrettspark slik at den vert meir attraktiv og tilrettelagt for aktivitet.* Vidare står det at *Eikås motorsenter er det største motorsportssenteret i Hordaland, der store meisterskap som NM kan arrangerast.* Begge desse anlegga har fått tildelt fylkeskommunalt investeringstilskot for sin regionale verdi som idrettsanlegg. Nordåsvannet ro- og padleanlegg har vore under planlegging over lengre tid, og fylkeskommunen er positive til at det vert utvikla eit regionalt anlegg for padling og roing. Den regionale kulturplanen slår fast at det er behov for ein byarena for innandørsidrettar i Hordaland, og såleis er saka om ulike konsept og lokalisering av byarena som skal handsamast i bstyret primo 2017 særns interessant.

For å auke tal syklande er det eit godt forslag om å opparbeide fleire opplæringsanlegg for sykkel i alle delar av byen som nærmiljøanlegg knytta til skular og anleggsparkar. I Regional kulturplan står det at i *Hordaland er det få kombinasjonsanlegg som ein kan bruke til trygg aktivitet på rulleski og sykkel*